



Tingvoll, 26.6.2026

NVE
nve@nve.no

Høyring av søknad om konsesjon for Fetegga pumpestasjon i Tafjordvassdraget i Fjord kommune, Møre og Romsdal fylke

Dykkar dato: 16.03.2026 Dykkar ref.: 202106038-9

FRIST 26.6.26

Denne saka dreier seg om kor mykje Tafjord kraft kan tene på å ha naturen i arbeid, og kor mykje det er greitt at naturen skal betale for dette.

Utbygger:

Prosjektet er eigna til å skaffe ein del meir kraft som kan seljast dyrare

Naturen betalar for dette:

- at mykje vatn blir ført over til eit anna vassdrag
- at eit nytt vatn og ei elv blir regulert
- at det blir tilgjengeleg kraft som gjer at det kan byggast ut elvekraft, vindkraft og solkraft som igjen bruker natur
- uro for reinen i området
- forbruk av natur som allereie er utsett for auka negativ verknad av klimaendringar

Tafjord Kraft har ein god del pengar og kan leve godt om dei ikkje får meir. Naturen er sterkt pressa, og kan ikkje betale meir.

Naturundersøkingar

Konsekvensutgreiinga er frå 2019 blir det opplyst. Det er gjort nye observasjonar i august 2024. Det skal vere lagt inn ein observasjon av issoleie via Artsobservasjonar. Dei observasjonane som finst ser ut til å ha anna opphav for registreringa, mange registrert i 2025. Mellom dei både raudlista artar og artar som krev basisk påverknad. Det gjer det vanskeleg å gjere vurderingar som bygger på artsfunn.

NiN-metodikken har truleg sine manglar når det gjeld kartlegging av denne typen område, sidan areal ikkje er store nok til å bli kartlagd. Det gjer det vanskeleg å vurdere om mindre flytting av inngrep kan redusere eller auke inngrepa.

Eit område som ser særleg interessant ut å finne ut av er sprengt grøft mellom Heimste Vikvatnet og Tjønna. (Foto merka snitt G). Der er det frigjort lausmassar nokre tiår tilbake. Eit tidlegare inngrep kan no representere ei nisje som gjer at det kan vere raudlisteartar der no. Det er i 2025 registrert mellom anna svarttopp og raudsildre nær ved, i tillegg til issoleie. Når dette også er den traseen som er tenkt bruka til straumforsyning, så må denne strekninga sjekkast på nytt.

Rein

Dei siste åra har reinen fått meir merksemd og dette er aldeles nødvendig. Ein må for all del unngå nye, negative verknader for reinen. I tillegg må ein ta høgde for at ein må fjerne allereie eksisterande negative påverkningskjelder. Det er nødvendig å finne ut korleis reinen tidlegare har bruka områda for å forstå dei lange linene og kva som kan bli tatt i bruk igjen. Det er vidare nødvendig å ta høgde for klimaendringar som gjer at nye område som ikkje har vore i bruk før kan bli tatt i bruk no.

Kartet (Vedlegg 2) viser kalvingsland omtrent 1 km frå nye aktuelle inngrep. Vi har fått nokre tips om at kalvingslandet kan vere på flyttefot til områda som er omfatta av søknaden. Endringar av bruken i området vil kunne føre til endringar for reinen sin bruk av området. Kva som er kalvingsland og kva som er t.d. trekkvegar vil difor kunne endre seg over tid. Kalvingsland og trekkvegar krev spesielle omsyn. Dette er det nødvendig å få klart opp i. Truleg finst det kunnskap i forvaltninga om dette.

Vassdirektivet

Det har nettopp vore ei sak i Høgsterett der det går fram at ein ikkje kan øydelegge natur berre fordi nokon tener på det. Vassdirektivet er ikkje enkelt for amatørar. Vi trur likevel at denne søknaden nettopp blir råka av dette. Eit vatn får ved regulering redusert verdi, og vatn blir ført frå Kaldhussetervassdraget til Rødalsvassdraget utan at det er klart at det ikkje er nokon negativ verknad av tiltaket.

Det er nemnt at Fetvatnet i dag har overlaup ganske ofte og at overlaupet vil bli sjeldnare. Jo mindre vassføringa er i utgangspunktet, jo meir negativ verknad har mindre variasjon.

Reindalsvatnet vil få ei reguleringsone og endra vurdering til SMVF (sterkt modifisert vassførekomst). Det gjeld også elva ut av vatnet.

Vi har rett nok sett nokre forsøk på å grunnkje vidare utbygging av kraftverk med at samfunnet og særleg vårt område har eit stort underskot på kraft. Viss dette skulle vere gyldig grunnkjeving for at utbygging er greitt, treng ein ikkje sende saker på høyring, så lenge ein trur på at vi har behov for meir kraft.

Landskapsinngrep

Dammar og overføringstiltak vil for ein stor del skje over skoggrensa. Alle inngrep vil stort sett syne frå kort og lengre avstand. Det er negativt for andre brukarar av fjellet.

Overskot av massar skal plasserast i dumpar av terrenget. Dumpar i terrenget representerer også stader der det kan stå vatn og stader der snøen kan ligge lenge. Å gøyme vekk steinhaugane er difor ikkje utan verknad på naturen. For at negativ verknad skal vere minst mogleg, er det nødvendig at dette blir planlagd og gjennomført under leiing av fagfolk på naturrestaurering.

Det er også tale om bygningar. Det er stor skilnad på ein «kåk» på 20 m² og eit driftsbygg på 120 m². Sjølv om ein bruker rett farge, så gøymer ein ikkje bort store byggverk på same måte som i skogen eller kulturlandskapet.

Støy

Det står ikkje mykje om støy frå pumpekraftverket. Dette er frå før eit område som i lange periodar er stille og har ein stor verdi såleis. Det vil det ikkje bli når pumpene går, med mindre pumpene blir lagt inni fjellet. I landskap som er støyfritt, må støy reknast som eit svært stort inngrep.

Behovet for vinterproduksjon

Auka moglegheit for vinterproduksjon vil føre til at ein nærmar seg grensa for totalproduksjonen av kraft. Ved å utnytte dette ytterlegare ved å produsere meir vindkraft og solkraft, gjer ein seg endå meir avhengig av store og mange kraftliner og bruk av kraft som ikkje er spesielt «grøn». Det er mogleg å sjå på meir vinterkraft som positivt, men det vil også gjere oss avhengig av ytterlegare regulering som gjer oss meir sårbare om vi ikkje får til å redusere straumforbruket vårt i staden.

Auka vinterproduksjon fører også til endra utslepp av ferskvatn i fjorden på ei årstid som ikkje er naturleg. Verknaden på fjorden er ikkje utgreidd. Verknaden må ein tru kan vere negativ.

Nokre ord og uttrykk

«Liten til middels negativ konsekvens for naturmangfoldet» er ei vanleg formulering. Menneske er vant med at middels og gjennomsnittleg er positivt i mange høve, heilt fint. I samanhengen her tyder det like gjerne at ein er halvveges til øydelegginga. Ein skal ikkje la seg lure av formuleringa middels.

Det blir sagt at det er mykje kraftutbygging i området frå før. Underforstått at her er så mange inngrep at litt til ikkje gjer noko. Det kan også forståast på ein annan måte. No har ein funne fram sleikepotten så ein kan ta resten også.

Litt til treng ikkje bety så mykje viss det er mykje igjen. Litt til når det berre er litt igjen merker ein dess meir.

Det blir i denne søknaden nemnt: «eliminere risiko for vasstap» i samband med at mindre vatn skal gjennom Fetvatnet. Det er slik det ser ut når utbyggar tenkjer på lommeboka. Frå naturen si side ser det annleis ut: Det er ein tilsvarande risiko for at det blir mindre variasjon i form av overlaup.

Krav

Sprengt grøft mellom Heimste Vikvatnet og Tjønna må undersøkjast med omsyn til natur og artar. Funn må leggest inn med god nøyaktigheit på Artskart.

Konklusjon

Omsynet til rein er tungtvegande i denne saka. Inngrepet vil syne mykje. Endringar i vassføring kan ha stor verknad. Regulering av vatn og elv vil vere ulovleg etter vassdirektivet. Støypåverking er svært negativ.

Tafjord kraft kan truleg fylle opp like bra i lommeboka si om dei tar seg betalt eit halvt øre meir pr. kilowatt. Då blir det veldig feil med eit pumpekraftverk i Fetegga.

Denne søknaden må bli avslått.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær